

Saksprotokoll i klagenemnda - 20.06.2017

I møte 30.05.2017 sak 28/17, vart her ikkje gjeve skriftleg grunngjeving for vedtaket som vart gjort i saka. Utvalet finn å gje ei skriftleg grunngjeving for vedtaket i saka i ettertid ut frå den diskusjonen som var under handsaming av saka.

Grunnlag for endring er at ein meiner det ikkje ville være rettferdig å avvisa denne søknaden sett i lys av kva trafikk som industribygget kan kome til å skape. I denne saka er det snakk om eit tilbygg, ein ny bueining. Ein har ikkje oversikt over kva type leigetakarar det kan kome i framtida i industribygget, og kva trafikk dette vil generera og som kan setjast stengsel for det.

Denne avkjørsla har ikkje den beste utforming, men delar av tilførselen er i ein bakke med sving, noko som medfører lav fart. Det er også god sikt i området.